



## Kommunereforma – regional ressursgruppe Møtereferat

Møtestad: Fylkesmannen i Rogaland  
Tidspunkt: 27. januar 2016 13.00-15.00

Medlemmer/deltaking:

Fylkesmannen	Magnhild M. Kleppa, Harald Thune, Lone M. Solheim, Jon Gunnar Skien, Anfinn Rosnes
KS	Helene Arholm, Frode Ingvaldstad
Jærrådet	Anne Mari Braut Nese
Dalanerådet	Forfall
Ryfylkerådet	Bjørn Laugaland
Haugalandrådet	Forfall
Rogaland fylkeskommune	Kjell Ove Hauge
Sandnes kommune	Forfall
Stavanger kommune	Björg Tysdal Mo, Cecilie Bjelland, Kjørtan Møller
Distriktssenteret	Anne Irene Myhr
NHO	Tormod Andreassen
LO	Forfall
IRIS	Einar Leknes

Møteleiar: Magnhild

Møtet starta med ei kort innleiing frå Fylkesmannen (FM). FM har nå ein runde i alle kommunar der kommunereform er på dagsorden. Det er invitert til møte ordførarar den 3. februar.

### Informasjon om Fylkesmannen sitt arbeid v/Anfinn Rosnes

Det blei orientert om status for arbeidet med reforma, og om status i kommunane. KMD har sendt ut nytt brev til alle kommunar datert 28.10.2015 som gjeld kva som er venta frå kommunane i slutfasen, og FM har fått brev 30.11.2015 med presisering av oppdraget til FM. Det blei vist til nemnte kommunebesøk, og kva FM presenterer i desse møta. Aktuell informasjon ligg på FM si nettside.

### Informasjon om KS sitt arbeid.

KS viste til arbeidet som skjer, m.a. at KS-konsulent blir brukt aktivt i arbeidet. Er møte i dag med rådmenn om det nye inntektssystemet. KS er også engasjert i regionreform, der tidlegare fylkesrådmann i Akershus er engasjert. Elles blei det vist til det spanande arbeidet som er gjort med nye Jæren kommune.

### **Kva skjer på regionalt nivå?**

Frå Rogaland fylkeskommune (RFK) blei det informert om arbeid på regionalt nivå. Det vil bli ei eiga sak i fylkestinget den 1. mars. Var møte med Vest-Agder i desember, og Sogn og Fjordane har invitert til nabopratt om vestlandsregion. Kleppa viste til arbeidet med FM-struktur, som også er i prosess. Leknes viste til førre runde med fylkesstruktur, då det var manglande involvering av storbyane.

### **Kommunereform og samarbeid om kommunal planstrategi/samfunnsdel**

Anne Irene Myhr frå Distriktssenteret (DS) orienterte om status sett frå DS. DS ønskjer å vere ein ressurs for FM, og kan tilby å vere med ute i regionane. Ønskjer særleg å gi råd om intensjonsavtalar og innbyggjarinvolvering. Det blei vist til eige brev frå MD om arbeid med planstrategi, om at kommunar som er i nabopratt kan samarbeide om planstrategi. Det er viktig å ha ei heilskapleg planlegging i område som er ein felles arbeids- og bustadregion. Det blei vist til gode døme på felles planlegging (Holmrestrand/Hof/Re).

Leknes viser til at Rogaland er et utstillingsvindauga når det gjeld interkommunal planlegging – men som kanskje ikkje har namnet interkommunal plan.

### **Ny rapport frå Danmark**

DS har laga [ein rapport som omtalar erfaringar frå reforma i Danmark](#). Her kan det vere nyttig informasjon å hente, m.a. når det gjeld det å organisere nærdemokratiske løysingar

### **Rapport frå kommunane om aktuelle naboprattar frå regionråda/kommunar**

Frå Stavanger blei det vist til innbyggjarundersøking. Det blei også vist til dei naboprattar som skjer mellom Sola, Sandnes og Stavanger, med nytt møte nå på fredag. Har også hatt samtalar med Finnøy og Rennesøy. Stavanger vil snakke med alle som inviterer.

Frå Jæren blei det framheva at det er viktig å vere konkrete frå første dag om korleis vi skal bygge ein ny kommune. Viktig å ikkje hause opp nokon synspunkt, og å avklare kva vi ikkje kan avklare. Noko må avgjerast av ny kommune.

Frå Ryfylke blei det vist til at det er lite nytt om nabopratt ut over det som var kjend på førre møte. Drøftingane går mest på grensejusteringar.

### **Forslag til nytt inntektssystem v/Fylkesmannen**

Det var ei kort orientering frå FM om nytt inntektssystem, eit forslag som ligg ute til høyring fram til 1. mars. Det ligg føre forslag til relativt store endringar både når det gjeld innbyggartilskot og regionalpolitiske tilskot. Dette vil bli eit sentralt tema i alle kommunar og i KS nå fram mot høyringsfrist.

### **Aktuell fagsamling**

FM og KS har avtalt utvida kommuneøkonomidag tysdag 31/5 på Victoria hotell, der hovudtema blir nytt inntektssystem. Det er gått invitasjon til politisk leiing i KMD.

Forslag til tema som kom fram i møtet:

FM sin førebelse vurdering av status/tilråding

Siste nytt frå nye Jæren kommune (etter folkeavrøysting)

Endeleg program blir lagt ut på FM si nettside så snart det er ferdig.

Neste møte i denne gruppa blir **onsdag 4. mai kl 10:00-12:00**

*Anfinn Rosnes - referent*